



Notat

Dato: 19.11.2015
Arkivsak: 2015/10280-13
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Gunhild Raddum

Innspel til varsel om oppstart - FV555 Kolltveit - Austefjorden

I kommunedelplanen for prosjektet er det lagt vekt på at Sotrasambandet skal vere eit moderne framtidsretta transportnett med høg standard.

I oppstartsmeldinga er det lagt opp til ein 2 felts veg med midtdelar, men at endeleg val av vegstandard vil verte avklara i løpet av planprosessen. Her er det naudsynt at Hordaland fylkeskommune som tiltakshavar vert trekt inn i denne prosessen.

I reguleringsarbeidet skal det takast omsyn til gåande og syklande langs strekninga. Vidare skal kollektivtrafikken sikrast god framkome med gode kryssløysingar. For samferdselsavdelinga er det særskilt viktig at ein vidare i reguleringsarbeidet finn gode løysingar for mjuke trafikantar og kollektivtrafikken. Dette gjelder både utforminga av busshaldeplasser samt tilkomsten til desse. Fylkeskommunen og Skyss må difor inn i den vidare prosessen så tidleg som mogleg.

HK/Skyss ønskjer i tillegg at det i begge planane samla blir vurdert alternative plasseringar av bussanlegg på Straume. I eit langsiktig perspektiv vil areala til dagens bussanlegg vere ønska til anna formål som følge av byutvikling på Straume. Det er viktig å sikre areal til eit bussanlegg med ei funksjonell plassering for effektiv drift av den omfattande kollektivtrafikken knytt mellom anna til Straume.

I vedteke kommunedelplan er det lagt opp til ny trasé med tunnel forbi Fjell sentrum og forbi Skogskiftet. I starten av må fylkeskommunen inviterast til dialog for å sjå på alternative løysingar til tunnel-forsлага som ligg i kommunedelplanen. Basert på dette arbeidet vil fylkeskommunen vurdere ein framtidig mogleg prioritering og finansiering av tunell-løysingane.

Hordaland fylkeskommune vil i fyrste omgang råda til å planlegge for utbetringsstandard langs eksisterande veg mellom Kolltveit – Austfjorden, med unntak av parsellen Skogsskiftet – Eide der det er viktig å få sikra drikkevasskjeda Kørelen.

